



Trafikksikringsplan

for Surnadal kommune



Surnadal
kommune

Vedteken av kommunestyret 05.02.2019



INNHALDSLISTE

Innhold

1	Innleiing.....	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Prosess og medverknad.....	4
2	Trafikkbildet -ulykker 2008-2017.....	5
2.1	Trafikkulykker	6
3	Handlingsplan	10
3.1	Oppbygging og ansvar	10
3.2	Evaluering av tidlegare plan.....	10
3.3	Prioriterte fysiske tiltak for perioden 2018-2022	11
3.4	Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid	15
4	Vedlegg	18
4.1	Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid	18
4.2	Organisatorisk tiltak.....	25
4.3	Fysiske tiltak på kommunale vegar og plassar	30



1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Trafikksikringsplanen for Surnadal kommune viser kva område og tiltak det skal satsast på dei næraste 4 åra. Målet med ein kommunal trafikksikringsplan er å auke kommunen sin innsats i trafikksikringsarbeidet.

Planen gir ei oversikt over tiltak på både det kommunale og fylkeskommunale vegnettet. Det er og lage ei oversikt over haldningsskapande arbeid retta mot mellom anna barnehagar og skular.

Trafikksikringsplanen skal oppdaterast kvart fjerde år. Ein oppdatert plan er ikkje lenger ein føresetnad for å få tilskot, men det er likevel ein fordel i arbeidet med å hente inn midlar.

I arbeidet med å realisere foreslåtte tiltak er det viktig med tett kontakt med fylkeskommunen og Statens vegvesen. Surnadal kommune hadde eit kontaktmøte med Møre og Romsdal fylkeskommune og Statens vegvesen i januar 2018. Slike møte er svært nyttige, og trafikksikringsplanen var eit av punkta som var på dagsorden for møtet. Det er eit mål å ha slike møte med jamne mellomrom for å orientere kvarande om status og utfordringar.

Planstrategien for Surnadal kommune 2016-2020 har prioritert arbeidet med trafikksikringsplanen. Hovudutval for teknikk, miljø og næring har eit særleg ansvar for å følge opp trafikksikringsarbeidet i kommunen gjennom si rolle som kommunen sitt trafikksikringsutval.

Nasjonale mål

Overordna styringsdokument for trafikksikkerheitsarbeidet er Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg (NTT) 2014-2017, som igjen bygger på Nasjonal transportplan (NTP) 2014-2023. Trafikksikkerheitsarbeidet skal bygge på ein visjon om at det ikkje skal førekomme ulykker med drepne og hardt skadde i transportsektoren («0-visjonen»).

Fylkeskommunale mål

Trafikktryggingstrategi 2013-2022 for Møre og Romsdal lister opp fire hovudmål for fylket:

- Trafikant: Alle skal kunne bevege seg fritt i trafikken utan å bli utsatt for fare.



- Kjøretøy: MRFK (Møre og Romsdal fylkeskommune) skal gjennom innkjøp og planlegging i kollektivtjenester bidra til at det blir lettare å reise kollektivt, og at det skal bli auka fokus på trafikksikkerheit.
- Veg: Trafikksikkerheitsarbeidet skal vere målretta mot utbetring, rassikring og bygging av vegnett som gir trafikanten auka trygghet.
- Organisering: Trafikksikkerheitsarbeidet i Møre og Romsdal skal vere bygd på samhandling mellom partar som skal eller kan bidra til auka trafikksikkerheit.

Transportstrategi for gåande og syklende i Møre og Romsdal 2010-2019 har som mål at det skal byggast vesentleg meir gang og sykkelvegar langs riks-, fylkes- og kommunevegar enn tidlegare. Møre og Romsdal skal vere eit føregangsfylke innan dette området.

Kommunale mål

I kommuneplanens samfunnsdel 2014-2018 er ein av strategiane under tettstads- og arealutvikling å «Bygge nye gang- og sykkelvegar, både som folkehelse-, trafikksikrings- og miljøtiltak».

Vi har lagt til grunn «0-visjonen» frå tidlegare trafikksikringsplan. Kommunen skal legge til rette for eit veg- og trafikksystem som hindrar drepne eller alvorleg skadde personar.

For å kome dit er det viktig med:

- haldningskapande arbeid, spesielt retta mot barn og unge.
- tiltak for å gjere ferdsla tryggarer for både mjuke trafikantar og kjørande

For å nå desse måla, og unngå trafikkfarlege situasjonar med mjuke trafikantar, vil arbeidet med gang- og sykkelvegar vere svært viktig også i denne perioden. Det er også viktig med god arealplanlegging og styring av arealressursane. Der det er mogleg bør ein bygge på eksisterande infrastruktur når ein lagar nye reguleringsplanar og legg ut nye byggefelt.

1.2 Prosess og medverknad

Trafikksikringsplanen er ein temaplan, og den er forankra i kommunens planstrategi. Planen er ei rullering av tidlegare trafikksikringsplan frå 2006-2009. Mange tiltak frå denne planen er gjennomført, og oversikt over dette er vist i vedlegg 1.

Gjeldande plan vart vedteke rullert i 2013, og det vart nedsett ei arbeidsgruppe. Denne arbeidsgruppa gjennomførte mellom anna ei befarung i 2013, men arbeidet vart ikkje slutført. I kommunal planstrategi 2016-2019 vart det vedteke at planen skal vere ferdig revidert i 2017, og hovudutval for teknikk, miljø og næring vedtok ein restart av arbeidet i 2017. Arbeidsgruppa vart da slik samansett: to representantar frå TMN, kommunalsjef oppvekst, einingsleiar kommunalteknikk, lensmannen, Statens vegvesen, busselskapet og



plansjefen (sekretær). Statens vegvesen meldte på kontaktmøtet frå om at dei ikkje hadde høve til å sitte i gruppa, men at dei gjerne stilte opp for å bidra med råd til arbeidet.

Det vart opna for at alle kunne kome med innspel tidleg i prosessen. Våren 2018 vart innbyggjarane oppmoda om å kome med innspel, mellom anna vart facebook nytta og lokale lag og organisasjonar fekk tilsendt invitasjon om å kome med innspel til planen.

Kommunen har motteke 33 innspel på facebook og 17 innspel frå lag og organisasjonar og enkeltpersonar. Tidlegare innspel frå publikum dei siste åra om ønska trafikksikringstiltak er også teke med her.

Etter at innspela var komne inn tok arbeidsgruppa ei befaringsrunde rundt om i kommunen der det vart orientert om innkomne innspel. Ein lettare versjon av barnetråkk er gjennomført i 6. klasse. Arbeidsgruppa har totalt hatt 6 møte (inkl. befaringsrunde). Siste møte vart halde etter høyringa (9 høyringsuttalar) var innkomne, og arbeidsgruppa vart da einige om endeleg forslag til plan.


2 Trafikkbildet –ulykker 2008-2017

I Surnadal kommune er det 99 505 meter kommunale bilvegar og 14 833 kommunale gang- og sykkelvegar. Det er 93 909 meter fylkesvegar (tal frå veglista 2013).

1. januar 2010 blei dei fleste riksvegane som ikkje var stamvegar (kalt øvrige riksvegar) overført til regionane (fylka) og blei fylkesvegar. Det gjeld fv. 65 Betna – Øvre Surnadal og fv. 670 (Kvanne – Skei). Etter at reforma trådte i kraft er det to typar fylkesvegar i Norge – dei opprinnelege fylkesvegane som ikkje var skilta, og skilta fylkesvegar, dvs. dei tidlegare riksvegane.



2.1 Trafikkulykker



Trafikkulykker frå 2008-2017 i Surnadal kommune med skadegrad drepte eller skadde. Raudt punkt=drept, grønt punkt=alvorleg skadd (Statens vegvesen, vegkart)





Fig. 1: Antall skadde, drepte og ulykker i alt.




Figuren ovanfor viser antall trafikkulykker i Surnadal kommune frå 2008 til 2017. Statistikken viser ein nedgang i antall trafikkulykker og færre skadde og drepne.



Figur 2: Antall ulykker i heile perioden etter uhell kategori

Det er berre 4% av ulykkene som involverer mjuke trafikantar.



Figur 3. Type ulykker i perioden 2008-2017

Det er utforkjøringar og møte- og kryssulykker som er det mest vanlege.



Fig. 4: Fordelinga av ulykker med omsyn til innanfor eller utanfor tettbygd strøk.

Det er vel verd å merke seg at det er mange ulykker av typen utforkjøring og møteulykker med alvorleg utfall. Dei fleste ulykkene er utanfor tettbebygging. Dette bør komme fram i lista over ønska tiltak. Det er også viktig å prioritere tiltak på landevegen. Følgjande sitat frå Nasjonal transportplan 2018-2029 underbygger også dette.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-33-20162017/id2546287/sec10>

Utforkjøringsulykker er også en stor utfordring på riksvegnettet. Disse ulykkene skjer spredt, og ofte på veger med lav trafikk. Mens antall møteulykker reduseres gjennom satsing på å bygge møtefri veg og ved bruk av forsterket midtoppmerking, har det til nå ikke vært en tilsvarende målrettet satsing på utforkjøringsulykker. Dybdeanalyser av dødsulykkene viser at terrenget eller andre hindringer langs vegen var en antatt medvirkende årsak til skadeomfanget i noe over halvparten av utforkjøringsulykkene med dødelig utfall. Regjeringen viderefører derfor ambisjonen fra Nasjonal transportplan 2014–2023 om at alle riksveger med fartsgrense 70 km/t eller høyere innen 1. januar 2024 skal oppfylle gjeldende krav for utforming og omfang av siderekverk, ettergivende master, profilert kantlinje og utbedring eller skilting av farlige kurver. Der det ikke er siderekverk skal det utføres nødvendig utbedring av terrenget langs vegen. En foreløpig kostnadsvurdering viser et samlet behov for tiltak på i størrelsesorden 2,5 mrd. kr, fordelt på investeringer og vedlikeholdsrettede strakstiltak.




Fig. 5: Trafikantgruppe og skadegrad.




Fig. 6: Aldersgrupper og trafikantgrupper

Det er aldersgruppa 15-24 år som er mest involvert i trafikkulykker.



3 Handlingsplan

3.1 Oppbygging og ansvar

Handlingsplanen viser tiltaka som det skal arbeidast med i planperioden. Handlingsplanen er delt inn i to delar: haldningsskapande arbeid og fysiske tiltak. Fysiske tiltak er delt inn i fylkesvegar og kommunale vegar. Tiltaka er delvis lista opp i prioritert rekkefølge, men som tabellane viser er fleire tiltak gjeve høgste prioritet.

Det er Statens vegvesen som har ansvaret for gang- og sykkelvegar i tilknytning til fylkesvegane som var riksvegar før 01.01.2010. For gang- og sykkelvegar på opprinnelege fylkesvegar (fylkesvegar som var fylkesvegar før reforma i 2010) er det Surnadal kommune som er ansvarleg for å bygge gang- og sykkelvegar. Fylkeskommunen skal derfor ikkje stå som ansvarleg for gang- og sykkelvegar på desse vegane.

Tiltak og prioriteringar er eit resultat av innspel og erfaringar frå planprosessen og gjennomgang av ikkje fullførte tiltak frå tidlegare trafikksikringsplan og kost- og nyttevurderingar av dei enkelte tiltaka.

3.2 Evaluering av tidlegare plan

Vedlegget viser oversikt over gjennomførte tiltak frå den førre planen i perioden 2006-2018.

Tabellen viser at dei fleste kommunale prosjekta er gjennomført. Av dei fire prosjekta som ikkje er gjennomført er to ikkje aktuelle lenger, mens fortau i Pilskarvegen er ikkje gjennomført og gang- og sykkelveg frå Grimsmoen til Øye bru er delvis gjennomført i Svartvassområdet, mens kryss Grimsmoen og gjennomfarten campingplassen og kryss ved Brekkøya og Øye bru er under planlegging.

For dei fylkeskommunale (fv. 65 og fv. 670 var riksvegar før 2010, er gang- og sykkelveg med påhengt bru over Bøvra gjennomført. Krysset ved Snekkvikvegen er det ikkje gjort noko med, og ein avventar planteikningar. Reguleringsplan for gang- og sykkelveg gjennom Røv er no vedteken, og den planen omfattar og busslomme ved Høgmovegen på Røv. Samferdselsutvalet i fylket har vedteke oppstart av prosjektet. Det var ønskeleg frå kommunen si side å få vegen senka forbi Gammelstua. Dette vart avslått av samferdselsutvalet. Tiltak 4 som gjeld vegen langs Brusetmelen i Todalen er gjennomført i år. Tiltak 5 om opprusting av fortau og parkering på Øra: Det er ikkje gjennomført ei slik opprusting, men det er bygd fartshumpar for å halde nede farten til 40 km/h. Tiltak 5 under rv. (Gang- og sykkelveg Ranekleiva) – tiltak ikkje gjennomført. Dette tiltaket har vi også no fått fleire innspel på om at er ønska. Tiltak 8 og 9 (nye busslommer ved Berset og Solli



boligfelt er ikkje gjennomført. Busslomme ved Solli boligfelt har vi fått nye innspel på som eit ønska tiltak. Tiltak 11 om å legge om riksvegen ved Røv er ikkje utført, men arbeidet med gang- og sykkelveg gjennom Røv blir no oppstarta. Tiltak 11-14 om gang- og sykkelvegar på rv. 670 på strekningane Halten-Haugen, Melhus Grytskog og Kvanne Ranøya er ikkje gjennomført. Det er kome inn innspel på Kvanne- avkjørsel Vang skiarena.

3.3 Prioriterte fysiske tiltak for perioden 2018-2022

Dette er fysiske tiltak på kommunevegar og fylkesvegar. Dette gjeld m.a. skilting, merking, belysning, fartsreduksjonar, gangfelt, busslommar, nye gang-/sykkelvegar og utbetring- og omlegging av kjørevegar og vedlikehald av vegar og gang-/sykkelvegar. Kommunen står ansvarleg for kommunen sine vegar mens Møre og Romsdal fylkeskommune er ansvarleg for fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som forvaltar fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen som vegeigar.

Det har kome inn mange gode innspel til planarbeidet. Det er ikkje alle innspela som er kome med på prioriteringslista. Vedlagt er ei oversikt over innkomne forslag til tiltak. Tiltak og prioriteringar er eit resultat av innspel, erfaringar og ønske om å føre vidare tiltak som ikkje er fullført frå tidlegare trafikksikringsplan.

Det er ført opp og prioritert tiltak som har med trafikksikkerheita å gjere. Prioriteringa er bestemt ut i frå ei samla vurdering etter kor utrygge områda er og nytten av tiltak. Av praktiske og kostnadmessige årsakar kan tiltak bli gjennomført uavhengig av prioriteringane.

Når det gjeld kommunevegane er alle ønska om tiltak lista opp i ein felles tabell. For fylkesvegane sin del er tiltaka sortert i ulike tabellar etter kva type tiltak det er snakk om.



Kommunevegar

Prioritet	Fysiske tiltak Kommunale vegar og plassar	Ansvar	Kommentar
1	Gang- og sykkelveg frå Grimsmokrysset - Øye	Kommunen	Gang- og sykkelveg
2	Langs Trelastvegen	Kommunen	Gang og sykkelveg
3	Industrivegen	Kommunen	Gang- og sykkelveg og gatelys.
4	Øye skuleområde – parkeringsplass og innkjørsel frå vest	Kommunen	Større parkeringsplass
5	Øye barnehage og Tannlegekontoret	Kommunen	Uoversiktleg og dårleg opplyst
6	Glærumsrønningan	Kommunen	Lyspunkt på vegen.
7	Busstopp Asplivegen	Kommunen	Kan vere problematisk å kjøre inn i grunna kantstein
8	Moavegen	Kommunen	Mykje trafikk, høg fart og smal veg. Fartshumper, skilting, vegutbetring og utsiktsrydding. Ambulansar om Bårdshaugen.
9	Buhagen	Kommunen	Fartsreduserande tiltak, som fartshumper, det er mange som ikkje held fartsgrensa.
10	Bølandet bustadfelt	Kommunen	Gangveg og gatelys
11	Gang- og sykkelveg mellom VGS og idrettshallen	Kommunen	Lite opplyst og må gå inn på vegen for å kome til idrettshallen
12	Fartshumper i Buhagen	Kommunen	Høg hastighet

Fylkesvegar

Det er fylkeskommunen som er hovudansvarleg for gjennomføringa av en del av dei tiltaka som er foreslått. Statens vegvesen vil vere delansvarleg fram til 2020 når det gjeld fylkesveg.

Gang- og sykkelveg

Prioritet	Strekning	Stad for fysiske tiltak	HP/meter-verdi	Kommentar
1	Fv65 Fv326	Gang- og sykkelveg Grimsmoen-Øye	hp9m3007 hp1m911	Gang- og sykkelveg.
2	Fv65	Raneskleiva-Røssmovegen	hp1m1215- hp9m639	900 meter gang- og sykkelveg. På uprioritert plass investeringsprogram fylkesvegar.
3	Fv327	Syltørvegen og langs del av Industrivegen/ Øyskogvegen	hp1m25- hp1m1160	Gang- og sykkelveg, belysning, stor fart i 60-sona.
5	Fv321	Stangvik	hp1m5411- hp1m6007	Oppgradering av vegstandarden i tråd med områdeplan Svissholmen.
4	Fv670	Frå Kvanne til avkjørsel Søyabanen	hp1m28- hp3m2994	Gang- og sykkelveg.
6	Fv328	Syltkrysset - Glerem	hp1m1495- hp1m4816	Gang- og sykkelveg
7	Fv328	Frå kryss Glønavegen og vidare forbi Glæremstranda	hp1m4877- hp1m6003	Gang- og sykkelveg



Veg- og kryssutbetring, busslommer m.m.

Prioritet	Stre-kning	Stad for fysiske tiltak	HP/meter-verdi	Kommentar
1	Fv65	Kryss mot Snekkvik	hp11m3728	Farleg kryss. Kostnadskrevande, etappevis utbygging må vurderast. Ta bort busshaldeplass.
2	Fv671	Nordvik – overside av vegen der Sletnesvegen kjem inn på fylkesvegen	hp1m3868	Busslomme
3	Fv330	Heggemsneset	hp1m7866	Nettbuss ønsker større snuplass
4	Fv65+ fv670	Kryss fv.65 og fv.670 frå Kvanne	hp9m2249	Stor fart og uoversiktleg kryss. På urprioritert plass investeringsprogram fylkesvegar.
5	Fv321	Stangvik	hp1m5530	Oppgradering av vegstandarden i tråd med områdeplan Svissholmen.
6	Fv328	Glærum	hp1m4845	Nettbuss ønsker to busstoppar ved Glønafeltet.
7	Fv321	Tromyra boligfelt i Stangvika	hp1m5172	Busslomme - spesielt om vinteren behov for busslomme.
8	Fv65	Parkering for utfartsområde Løalikhjølén	Hp10m6249	Utviding både i djubda (for å unngå fylkesvegne som ryggesone og i lengda for å kunne ta fleire bilar.
9	Fv330	Settemsdalsvegen	hp1m2941	Fare for ras.
10	Fv329	Bøverdalen		Ny bru over Neverholtelva og autovern ved Hallmyra, Myrholtbakken og delar av Brattsetlia.
11	FV65	Smal veg i svingen nadanfor avkjørselen til Sætervika.	hp11m7242	Her kan det ofte også vere steinsprang
12	Fv331	Bølandet ved Olastua	hp1m1563	Smal og uoversiktleg veg

Belysningstiltak

Prioritet	Stre-kning	Stad for fysiske tiltak	Kommentar	
1	FV327	Syltørvegen	hp1m16- hp1m1317	Gatelys
2	Fv65	Gjennom Åsskard	hp11m5410- hp11m6476	Ønske om gatelys
3	Fv331	Innergarden (Settem) ned til Bøbrua	hp1m15- hp1m733	Gatelys
4	Fv330	Ådalen - Nordstranda, Bøfjorden		Vegbelysning ved busstoppane der ungar går på skulebussen (t.d. Heggemsneset, Brekkå, Solbakken og Settem)



Fartstiltak

Prioritet	Stre-kning	Stad for fysiske tiltak	Kommentar	
1	Fv325	Mogstad	hp1m5931Hp 1m6375	Sette ned fartsgrensa
2	Fv65	Vestleg innkjøring til Øye skule.	hp10m451	Utvide Fartsgrensa på 40 km/h – fram til avkjørsel ridehallen
3	Fv65	Kryss mot Snekkvik	hp11m3728	Sette ned fartsgrensa til 60 km/h.
4	Fv321	Kvanne	hp1m337	Stor fart i 40 km/h-sona. Fartshumpar
5	Fv325	Grytneset	hp1m20163	Ønske om fartsgrense lågare enn 50 km/h.
6	Fv670 og fv671	Todalskrysset	hp2m6247	Krysset er uoversiktleg. Vurdere 60-sone forbi krysset. Utsiktsrydding.
7	Fv670	Kvanne – avkjørsel Søyabanen	hp3m2972	Senke fartsgrensa
8	Fv321	Grønnes	hp1m1952	Uoversiktleg – ønske om å senke fartsgrensa
9	Fv329	Avkjørsel Svorkavegen - Gravvold	hp1m5781- hp1m7771	Vidareføring av fartsgrense 50 km/t og skilting av gardstun

Forkjørsveg, skilting m.m.

Prioritet	Stre-kning	Stad for fysiske tiltak	Kommentar	
1	Fv326	Nedre Surnadal		Effektuert kommunalt vedtak om forkjørsveg for fylkesvegane i nedre Surnadal
2	Fv330	Settemsdalsvegen	hp1m2941	Smalt ved Kristendalen– ønske om skilt som viser smal veg
3	Fv65	Vurdere merking av midtstripe på Nordmarka		
4	FV 65	Gang- og sykkelvegovergang ved Trollheimen ridesenter	hp10m559	Manglar merking av overgang med skilt og striper.
5	FV325	Overgang ved Tellesbøvegen nedanfor Buhagen	hp1m170	Manglar merking av overgang med skilt og striper



3.4 Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid

Nr	Aktivitet/tiltak 4.1 Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg	Kommentarar
		Barnehage og førskule			
1	Tema trafikkopplæring i barnehage	Barnehage	Årleg ved barnehagestart	Einingsleiarane	Støtte hos Trygg trafikk.
		Grunnskule			
2	Tema trafikkopplæring i skulen	Skulen	Årleg	Rektor	Støtte hos Trygg trafikk
3	«Aksjon skulebuss» . Skuleskysreglar blir gjennomgått og skulebussjåfør	Skuleelevar som har skyss	Årleg	Rektor og skulebussjåfør	
4	Lensmann og «Trafikktryggingsutvalet i Møre og Romsdal» besøker 1. trinn og deler ut refilleksvestar.	1.trinn	Årleg	Fylkeskomunen, skulen	
5	Utdeling av materiell som skulane får tilsendt til barneskuleelevar som f.eks. Barnas trafikkalender	Barneskuleelevar	Årleg	Rektor	
6	Trafikkdag – sykkelopplæring	Mellomtrinn	Årleg	Rektor	Øving på sykkel arrangeres. Prøver gjennomførast.
7	Kampanje sykkelhjelme og refleksvest		Årleg haust og vår	Rektor	



		Ungdomsskule			
8	Sikkerhetsdag	9. og 10. trinn	Annakvart år	Rektor, brannvesen m.fl.	Dag med trafiksikkerhetstema
9	Trafikalt grunnkurs	10.trinn	Årleg	Rektor og trafikkskulane	
10	«MOT»	Ungdomsskuleelevane	Etter eiga plan	Rektor, U-skuleleiinga og MOT-aøsjonen	Lære ungdomane å ta egne val i trafikken
11	Rus og kriminalitetsforebygging «natteravnar»	Barn og unge	kontinuerleg	Politirådet	Mange trafikkulykker skjer i påverka tilstand.
12	Rusforebygging «Heldig er den som har teite foreldre»	9.trinn	Årleg	Rektor	Rusforebyggande arbeid
13	Kampanje sykkelhjelm og refleksvest	Alle kjørande	Årleg ved skulestart	Rektor	
		Bilførarar			
14	Kursing av eldre bilførarar	Eldre bilførarar	Kontinuerleg	Kommunen v/ eldrerådet	Fleire eldre bilførarar utan oppdatering på regelverk.
15	Bilførarar målgruppe 18-34 år	Med vekt på aldersgruppa 18-34 år	Årle	Politirådet, kommunen	Informasjonstiltak
16	«Aksjon Skuleveg»	Alle kjørande	Årleg ved skulestart	Rektor, politirådet	Del av landsomfattande kampanje med ekstra kontrollverksemd ved skulane i veka med skulestart.
		Alle innbyggjarar			



17	Påminning om lover og reglar på kommunens heimeside og facebookside, spesilet tiltak mot 20-åringane	Alle innbyggjarar	Jamnleg	Kommunalteknikk, rådmann	Påminning til vaksne om respekt for lovverk og ansvar som føregangspersonar
18	Synleg politi	Alle trafikantar	Jamnleg	Politirådet, lensmannen	Kontrollverksemd spesielt retta mot fart, promille og kjøreadferd.
19	Møte med politirådet	Alle trafikantar	2 gangar årleg	Ordførar, rådmann	Møte minst 1 gong/år. Opplæring, informasjon, haldningsskapande arbeid og overvaking.
20	Teknisk kontroll med kjørety	Alle trafikantar	Jamnleg	Politi	Kontrollverksemd retta mot å sjekke opp teknisk kontroll av kjørety.



4 Vedlegg

4.1 Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid

Nedanfor er ei oversikt over planlagte tiltak i forrige plan med kommentarar. Ein del av desse tiltaka er ført vidare i den nye planen.

Nr	Aktivitet/tiltak Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
	Grunnskulen							
4	Det skal vera ein trafikkansvarleg ved kvar skule som avlastar rektor og har ansvar for at planlagte aktivitetar blir gjennomført			Rektor			Gjennomført	Samtlege skular bør oppnemne ein trafikkansvarleg
5	Kompetanseheving i trafikksikring blant lærarar generelt og trafikkansvarleg spesielt	Trafikkansvarleg, lærarar generelt	Kvart 3. år første gong i 2006	Kommunalsjefen	Rektor, Vegv., Trygg Trafikk		Gjennomført	
6	Årleg møte med trafikkansvarlege på skulane	Trafikkansvarlege	Ein gong i 4-årsperioden	HTM	Lensmann, Statens vegvesen		Ikkje gjennomført	
7	TS-arbeidet blir prioritert innanfor kvalitetsutviklingsplan for kvar skule	1.-10. klasse	Årleg	Rektorar	Kommunalsjef		Sykkelaksjon gjennomført siste åra.	



8	Gåtrening i nærmiljøet. Øve på trafikkreglane	1. klasse	Kvar haust	Kontaktlærer	Trafikkansvarleg, Politiet		Gjennomført – fungerer bra.	Det er ein fast turdag i veka. Han bør delvis nyttast til å ferdast i trafikken
9	Trafikksteljing	2. klasse	Årleg	Kontaktlærer	Trafikkansvarleg			Matematikk som del av lokal læreplan
10	Gåtrening	2. klasse	Årleg	Kontaktlærer	Trafikkansvarleg, Politi, Trygg Trafikk			Gå til venstre side, bruke gangfelt, sjå seg om til begge sider
Nr	Aktivitet/tiltak Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid Grunnskulen, framh.	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
11	Øve på å bruke buss. Køkultur, vente til bussen har stoppa, ein om gongen	1.-4. klasse	Årleg	Kontaktlærer	Trafikkansvarleg, bussjåfør		Delvis gjennomført. Innarbeidd på Stangvik oppvekstsenter.	Innarbeidast i kvalitetsutviklingsplan
12	Lære å halde venstre side, bruke gangfelt og undergangar. Bli sett i mørket, bruke refleks og refleksvestar	1.-3. klasse	Årleg	Kontaktlærer	Trafikkansvarleg, Politi			Dei forskjellige tema vert tekne opp i samband med turar
13	Refleksteljing/Sykelhjelmteljing	4. klasse	Årleg	Kontaktlærer	Trafikkansvarleg		Fram deler ut	Matematikk, eksempel på tema som kan inngå i kvalitetsutviklingsplan



14	Sykkelprøve med sykkelkontroll	5. klasse	Årleg	Trafikkansvarleg	Politi, foreldre, NAF		Gjennomført	Det vert utarbeidd hefte med trafikkreglar i forkant av prøven
15	Trafikk og etikk som tema i konfirmasjonsførebuinga	9. klasse	Årleg	Kyrkje, Human-etisk forbund	Trafikkansvarleg		Delvis gjennomført	
16	Nytte tilbud utanfrå som «ikke tøft å være død», og liknende	10. klasse	Kvart år	Trafikkansvarleg	Trygg Trafikk, Politiet, andre		Delvis gjennomført	

Nr	Aktivitet/tiltak Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid Grunnskulen, framh.	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
17	Frivillig teoriopplæring på moped, scooter og traktor	10.klasse	Årleg	Kontaktlærer, kjøreskular	Trafikkansvarleg		Delvis gjennomført	Teorikurs kan takast i skuletida hos trafikkskulen
18	Bruk av sikringsutstyr, som refleksvestar og –brikker, sykkelhjelm og bilbelte	8.-10. klasse	Kvar haust	Trafikkansvarleg	Vegvesenet, Trygg Trafikk, Helsesektoren		Delvis gjennomført	Dette vart teke opp både med elevane og føresette
19	Trafikk som tema innan natur-, matte- og miljøfag	8.-10. klasse	Årleg	Kontaktlærer	Trafikkansvarleg		Delvis gjennomført	Øving med måling av fart, statistikk m.m.
20	MOT-aksjonen	8.-10. klasse	Årleg	Ungdomskonsulent	Ordførar, MOT-kontakt		Gjennomført	Haldningsskapande arbeid. Mot til å stå for eigne val



	Vidaregåande skule							
21	Innføre inntil 10 timar obligatorisk trafikkundervisning pr. år. Rusmiddelproblematikken skal vera ein del av denne	Elevar ved vgs.	Årleg	Rektor	Utdanningsavd. I fylket, Trygg Trafikk, Statens vegv., Politiet, andre		Ikkje gjennomført	Inkluderer tilbud utanfrå, som «Kjære søster», 18/40-aksjonen og liknande
22	Trafikkopplæring førsteårselevane	1.-klassane	Årleg	Rektor	Politiet, biltilsynet			
23	Trafikkopplæring russen	Russen	Årleg	Rektor	Politiet		Årleg – ambulansane er og med.	

Nr	Aktivitet/tiltak Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
	Føraropplæring							
24	Repetisjonskurs for eldre bilførarar	Bilførarar over 60 år	Årleg	NAF/Gjensidige	Pensjonistfor., trafikkskular, Statens vegvesen		Delvis gjennomført. NAF arrangerer til hausten.	Trafikkskulane og NAF kontakter pensjonistlag og informerer om opplegget
25	Repetisjonskurs for 30 +	30-60 år	Årleg	NAF/Gjensidige	Trafikkskular, Statens vegvesen		Ikkje gjennomført.	



26	Glattkjøringskurs/kjøretrening	Alle aldersgrupper	Årleg	Gatebilklubben	NAF, MA, kjøreskulane		Ikkje gjennomført.	
	Aksjonar og kampanjar							
27	Refleksdemonstrasjon	Barnehagebarn	Kvar haust	TST/Trygg Trafikk	MA og NAF		Gjennomført	Alle 1.-klassingar skal ha refleksvestar ved skulestart
29	Gjennomføre ein aksjon ved skulestart	Alle trafikantar	Kvar haust	TST	Fleire		Ikkje gjennomført.	Informere om ulike trafikantgruppers åtferd, pliktar og rettar. Bør følgjast opp med åtferdskontrollar i same tidsrom

Nr	Aktivitet/tiltak Opplæring, informasjon og haldningsskapande arbeid Aksjonar og kampanjar, framh.	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
30	Haldningsskapande arbeid i næringslivet	Alle arbeidstakarar	2006	Næringsforeninga / HTM	Yrkesorg., NHO, Trygg Trafikk		Ikkje gjennomført.	Motivere til gåing og sykling til arbeid, erstatte reising i arbeid med telefonmøte og internetløyisingar. Trafikktryggleik inn i HMS og bedriftene / etatane sin miljøprofil og etiske plattform. Eksempel Telenor



31	Kampanje for betre tryggleik ved transport i regi av idrettslag	Leiarar, foreldre	Årleg	Idrettsrådet, HTM	Idrettsorganisasjonane		Fotballgruppa har arbeidd med dette.	
32	Jamleg bruk av kommunal informasjonsavis / internet om trafikksikringsarbeid	Alle innbyggjarar i kommunen	Årleg	Redaktør, HTM	Sekretariatet		Ikkje gjennomført.	

Nr	Aktivitet/tiltak 4.2 Kontroll og overvaking	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
33	Åtferdskontroll av kjørande, syklande og gåande i nærleiken av skular	Alle trafikantar	Heile året, men spesielt ved skulestart om hausten	Lensmann			Gjennomført	Tiltaket vert fulgd opp av ein info.kampanje ved skulestart. Åtferdskontroll bør også gjennomførast på andre stader der det er registrert konflikantar bil / sykkel /gåande. Rapport og tilbakemelding frå lensmann og Vegvesenet vert sendt til HTM
34	Kontroll av sikringsutstyr	Alle trafikantar	Kontinuerleg	Lensmann, Statens vegvesen	Trygg Trafikk		Gjennomført	Kontroll, teljing og utstyrtsettning (hjelm, bilbelte og sikring av barn i bil)
35	Politikontroll	Alle trafikantar	Lensmann				Gjennomført	Politikontroll er eit utvida omgrep der trafikkontroll



								er ein del av all personkontroll som Politiet utfører
36	Kontroll med bruk av blinklys	Kjørande	Kontinuerleg	Lensmannen			Gjennomført	Kan også sjåast på som ein del av åtførdskontrollen
Nr	Aktivitet/tiltak 4.2 Kontroll og overvaking	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
37	Politikontroll av respekt for vikeplikt for gangfelt	All kjøreftrafikk	Årleg, ved skulestart	Lensmannen			Gjennomført	
38	Kontroll av lastsikring	Tungtrafikk, landbrukstrafikk	Årleg	Statens vegvesen	Politi		Gjennomført	
39	Minst ein «gladkontroll» med info om trafikktryggleik og åtførd og f.eks spidometerkontroll	Alle trafikantar	Årleg	Lensmann	Statens vegv. Trygg Trafikk, NAF, MA, evt. andre		Ikkje gjennomført	
40	Kontroll og oppfølging av riktig arbeidsvarsling	Off. etatar, entreprenørar	Kontinuerleg	Statens vegvesen, Surnadal kommune	Lensmann, Arbeidstilsynet		Ikkje gjennomført	
41	Kontroll av at trafikantane tek omsyn til arbeidsvarsling	Alle trafikantar	Kontinuerleg	Lensmann	Statens vegv., Surnadal komm.		Ikkje gjennomført	



4.2 Organisasjons tiltak

Nedanfor er ei oversikt over planlagte tiltak i forrige plan med kommentarar. Ein del av desse tiltaka er ført vidare i den nye planen.

Nr	Aktivitet/tiltak 4.3 Organisasjons tiltak	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
42	Å utarbeide ein trafikksikringsplan er ikkje eit arbeid som kan avsluttast ein gong for alle. Han må ajourhaldast og reviderast med jamne mellomrom. Forum for trafikksikring lagar rapport om arbeidet ved årets slutt	Representantar for sektorane med ansvar for gjennomføring og rullering av planen	Årleg	HTM, Forum for trafikksikring	Formannskap, kommunestyre		Ikkje gjennomført	
43	Trafikksikringstiltak skal innarbeidast i kommunen sitt budsjett og økonomiske langtidsprogram		Kontinuerleg i samband med budsjettarbeidet	Rådmannen	Formannskap, kommunestyre		Delvis gjennomført.	HTM har det koordinerande ansvar og skal påsjå at dette blir gjort. Sjå tiltak 39.

Nr	Aktivitet/tiltak 4.4 Fysiske tiltak	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
----	---	-----------	----------------	--	---------------	---------	---------------	-------------



44	Trafikksikringsmøte, synfaring på vegane og besøk på skulane i kommunen	Alle trafikantar	Kvart 4. år. Første gong 2009	Statens vegvesen, Surnadal kommune	Lokale TS-medarbeidarar og brukargrupper		Ikkje gjennomført.	
45	Analyse av ulykkene på dei kommunale vegane	Alle trafikantar	Kvart 4. år. Neste gong 2007	HTM			Ikkje gjennomført.	
46	Systematisering, analyse og stadfesting av skademeldingar frå forsikringsselskapa og helsestasjonen / legekantor	Alle trafikantar	Kvart 4. år. Neste gong 2007	HTM, Legekantoret, Statens vegvesen			Ikkje gjennomført	
	Drift og vedlikehald, generelt							
47	Kontroll av tverrfall i kurver ved dekkelegging og andre vedlikehaldsarbeid	Alle trafikantar	Kontinuerleg i samband med reasfaltering	Kommunalteknisk avd., Statens vegv.			Gjennomført.	
48	Siktbetring i kryss og avkjørslar bør innarbeidast som ein kontinuerleg aktivitet i drifta av vegnettet	Alle trafikantar	Kontinuerleg	Kommunalteknisk avd., Statens vegv. Trafikkdistriktet	Innehavarar av hekkar		Delvis gjennomført.	

Nr	Aktivitet/tiltak Fysiske tiltak	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
----	---	-----------	----------------	--	---------------	---------	---------------	-------------



	Skilting og oppmerking							
49	Vurdere plassering, sikt, oppmerking, belysning og skiltkvalitet ved gangfelt. Førrestnadane for dei enkelte gangfelt bør vurderast	Gående og syklande	2006	Kommunalteknisk avd., Statens vegvesen			Ikkje gjennomført.	Rett plassering (spesielt ved busslommar) er viktig. Behova for gangfelt endrast over tid. Skilt eldre enn 15 år må byttast ut!
50	Foreta ein kritisk gjennomgang av skilt og skiltvedtak på gang- og sykkelveggar	Gående og syklande	2006	Kommunalteknisk avd., Statens vegvesen			Gjennomført.	Eldre skilt, utydelege skilt må skiftast ut
51	Vurdere generell lågare fart på riks- og fylkesvegnettet og eigne fartsgrenser om vinteren	Alle trafikantar	2006	Statens vegvesen	HTM		Delvis gjennomført.	
52	Vurdere fartshumpar i alle bustadfelt med 30 km fartsgrense	Alle trafikantar	2006	HTM			Delvis gjennomført.	Alle bustadfelt skal ha 30 km fartsgrense
	Tiltak mot ulovleg reklame							
53	Oppretthalde innsatsen for å fjerne distraherande og sikthindrande reklame	Alle trafikantar	Kontinuerleg	Kommunalteknisk avd., Statens vegv.	Lensmann		Ikkje gjennomført.	Ved bensinstasjonar skal det etter avtale <u>ikkje vere</u> bakkeståande reklame

Nr	Aktivitet/tiltak Fysiske tiltak	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar



	Belysning							
54	Vurdere etablering av nye veglysanlegg og utbetre eksisterande anlegg	Alle trafikantar	2006	Surnadal kommune v/ ordføreren, Statens vegv.			Delvis gjennomført.	
	Brøyting og strøing							
55	Brøyte og strø sidevegane så tidleg som muleg	Alle trafikantar	Ved behov	Kommunalteknisk avd.	Brøytemannskap		Gjennomført.	Innarbeidast i brøyte- og strørutinar
56	Betre vintervedlikehald av gang- og sykkelveggar. Standarden og vedlikehaldet bør vere like bra som på bilvegen	Gåande, syklende	Kontinuerleg	Kommunalteknisk avd. Statens vegv.			Delvis gjennomført.	Dersom gs-vegen er glatt eller dårleg brøyta vil det få gåande og syklende til å nytte bilvegen
	Kryss/avkjørsler							
57	Rv. 65. Undersøke og utgreie trafikkforholda ved Åskard kyrkje	Alle trafikantar	Kvart 4. år. Neste gong 2007	Kommunalsjef, Statens vegv.			Delvis gjennomført.	
58	Analysere kryssulykker for å få betre kunnskap om det relativt store antal kryssulykker i kommunen	Alle trafikantar	Kvart 4. år. Neste gong 2007	Kommunalsjef, Statens vegv.			Delvis gjennomført.	

Nr	Aktivitet/tiltak Fysiske tiltak Gang- og sykkelveggar, forts.	Målgruppe	Tidsperspektiv	Ansvarleg i Surnadal kommune, evt. i øvrige etatar	Andre aktørar	Kostnad	Kva er gjort?	Kommentarar
----	---	-----------	----------------	--	---------------	---------	---------------	-------------



59	Planlegge og gjennomføre trafikksikringstiltak i kryss, spesielt ved skular og barnehagar	Alle trafikantar	Kontinuerleg	Kommunalsjef, Kommunalteknisk avd.	Statens vegvesen		Delvis gjennomført.	Aktuelle tiltak: fartsgrense, kanalisering, forbikjøringslomme, skilting (m.a. gangfelt)
60	Prioritere siktrydding i kryss (sommar/vinter) og møte- og forbikjøringsikt på vegstrekingar generelt	Alle trafikantar	Kontinuerleg	Veghaldar			Delvis gjennomført.	Betring av vintersikt må takast opp med brøytarne. Snølagring må gjerast utanfor frisktsonane i kryssw
61	Siktbetring eller sanering av avkjørslar med dårleg sikt generelt	Alle trafikantar	Kontinuerleg	HTM, Kommunalteknisk avd.			Delvis gjennomført.	Gjeld avkjørslar frå kommunale vegar
	Kollektivtrafikk:							
62	Generell nyetablering/utbetring av busslommar med leskur	Alle bussbrukarar	Kontinuerleg	Statens vegvesen	HTM		Delvis gjennomført.	Spesielt rv 65 Høgmoen og X Flessavegen
	Arealdisponering/byggesaker:							
63	Ta vare på trafiktryggleiken gjennom planlegging og lokalisering av offentlege bygningar	Alle trafikantar	Kontinuerleg i alle aktuelle saker	Surnadal kommune v/ ordføraren, kommunalsjef			Delvis gjennomført.	Dette området er forsømt i mange kommunar m.a. ved bygging av nye skular, der det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til trafikksikring
64	Bruke arealplanlegginga som verkemiddel for å minimalisere transportomfanget ved tilrettelegging av nye byggeområde	Alle trafikantar	Kontinuerleg i alle aktuelle saker	Surnadal kommune v/ ordføraren, Rådmannen			Delvis gjennomført.	Jfr. «Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal og transportplanlegging» frå Miljøverndepartementet



4.3 Fysiske tiltak på kommunale vegar og plassar

Nedanfor er ei oversikt over planlagte tiltak i forrige plan med kommentarar. Ikkje gjennomførte tiltak har vore til vurdering i den nye planen.

Kommunevegane

Prioritet	Tiltak nr.	Fysiske tiltak Trafikksikringstiltak frå 2006 Kommunale vegar og plassar	Kva er gjort	Kommentar
1	K1	Fortau langs Bårdshaugvegen	Utført	400 m fortau
2	K2	Trafikkregulering – Øye skuleområde	Utført	
3	K3	Bæverfjord skule - trafikkregulering	Utført	
4	K4	Bøkleppvegen – rekkverk	Utført	800 m rekkverk
5	K5	Dalavegen – rekkverk	utført	350 m rekkverk
6	K6	Pilskarvegen	Ikkje utført	160 m fortau
7	K7	Omlagging avkjørsel til Pestutrøa	Utført	
8	K8	Østbødalsvegen, rekkverk ved Almøya	utført	1300 m rekkverk
9	K9	Grytvegen – Gang-/sykkelveg/fortau, trinn 3	Utført	700 m fortau / g-/s-veg
10	K10	Skolevegen – Fartshumpar inntil rundkjøring	Ikkje aktuelt	
11	K11	Buhagenvegen – Fartshumpar i Øvre Buhagen	Ikkje aktuelt	
12	K12	Glønavegen – Rekkverk ved kryss Kleivavegen	Utført	
13	K13	Markavegen – rekkverk i Brusetmarka	Utført	100 m rekkverk
14	K14	Høgmovegen – rekkverk	Utført	250 m rekkverk
15	K15	Flessavegen - rekkverk, trinn 1 (Snevikvegen)	Utført	2100 m rekkverk
16	K16	Slettavegen – rekkverk	Utført	300 m rekkverk
17	K17	Almbergvegen – rekkverk	Utført	1000 m rekkverk
18	K18	G/s-veg Grimsmo – Øye bru langs elva	Ikkje utført	Nærmiljøanlegg, 1200 m g/s-veg
19	K19	Flessavegen – rekkverk, trinn 2		2100 m rekkverk

Tabell 1: Gjennomførte tiltak på kommunevegane i perioden 2006 – 2017

Fylkesvegane i kommunen.



Prioritet	Tiltak nr.	Trafikksikringstiltak frå 2006 Fylkesvegar	Kva er gjort	Kommentar
1	F1	Fv. 326 G/s-veg Vasseng – Ørabrua, trinn 2	Utført	1100 m g/s-veg totalt
2	F2	Fv. 321 Fartshumpar ved Bondehuset	Ikkje utført	
3	F3	Fv. 329 – Bæverdalen. Rekkverk fleire strekningar		800 m rekkverk
4	F4	Fv. 324 Rekkverk langs Brusetmelan	Ikkje utført	350 m rekkverk
5	F6	Fv. 326 Opprusting av fortau/parkering på Øra	Ikkje utført	2100 m g/s-veg

Tabell 2: Gjennomførte tiltak på det som var fylkesvegar før reforma i 2010.

Prioritet	Tiltak nr.	Trafikksikringstiltak frå 2006 Riksvegar	Kva er gjort	Kommentarar
1	R1	Rv 65 Bæverfjord bru, g-/s-veg over Bævra og fram til Gjerdahaugen / Vollavegen	Utført	Ny gangvegbru og 350 m g-/s-veg
2	R2	Rv 65 Kryss med Snekkvikvegen. Betre sikring av busstopp, evt. ny busslomme.	Avventar planteikningar	
3	R3	Rv 65 Busslomme ved Høgmovegen på Røv	Reguleringsplan	
4	R4	Rv 671 Ny busslomme ved Sollia bustadfelt	Ikkje utført	
5	R5	Rv 65 G-/s-veg Ranekleiva – Røssmovegen	Ikkje utført	900 m g/s-veg med planundergang
6	R6	Rv 670 Ny fotgjengerkryssing ved Stangvik skule	Ikkje utført	
7	R7	Rv 65 Gatelys Røv – Holtamoan	Ikkje utført	Vegbelysning
8	R8	Rv 65 Ny busslomme ved Berset	Ikkje utført	
9	R9	Rv 65 Ny busslomme ved Mausethagen	Ikkje utført	
10	R10	Rv 671 Vurdere utbetring av kryss med Rv 670	Ikkje utført	Mange skadar/utkjøringar registrerast
11	R11	Rv 65 Omlegging av riksvegen gjennom Røv	Ikkje utført	
12	R12	Rv 670 Gang-/sykkelveg Halten – Haugen	Ikkje utført	1100 m gang-/sykkelveg
13	R13	Rv 670 Gang-/sykkelveg Melhus – Grytskog	Ikkje utført	1300 m gang-/sykkelveg
14	Rv14	Rv 670 Gang-/sykkelveg Kvanne- Ranøya	Ikkje utført	2000 m gang-/sykkelveg

Tabell 3: Gjennomførte tiltak på det som var riksvegar før reforma i 2010.



